

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 76.

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sunndal.

Emne: DEI "KLOKE".

Bygdelag: Øksendal.

Oppskr. av: A.E.Skrondal.

Gard: Skrondal.

(adresse): Øksendal.

G.nr. 71. Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Her i Øksendal veit eg ikkje av nokon som dreiv med lækjarråder. Det einaste eg kjenner til er ei gamal møykjerring **Kristi Næsa** (Mosbøneset) f. 1820- død 1906. Ho hjelpte folk med å "koppa" dei .d.v.s. tappa av blod. Og så hadde ho iglar som ho sette på og såleis fekk bort "Oreint blod". Eg har sjølv prøva denne kuren, så eg kan tala ved røynsle. Då eg var liten -(6-7 år) var eg så plaga av verkkveisor på augnekvarmane (austikkjill) som det vart nemt. For å rå bot på dette, sende mor bod på Kristi og ville få ho til å set på meg igle. Eg kan ikkje seia kor skræmd eg vart, då Kristi tok fram av korga si eit stort glas med ein svart orm buktande seg i ei vëska derinne i glaset eller flasken. Ho tok ut iglen og la han på eit kaffefat. Deretter fann ho fram ein liten kniv skapt som ein liten kvass hake, og med denne pikka ho eit lite hol på huda nedunder auga, så blodet pipla og rann. Når ho så sette kanten på kaffifatet burtåt såret, aua snart iglen bortåt og saug seg fast. Og no saug han blod til han svall opp og vart trintande diger. Etterpå la ho iglen i vatn, og då kom blodet utor han att og farga vatnet raudt.

Koppinga gjekk for seg på ein annan måte.

Den har eg ikkje prøva eller sett. Då pikka dei og hol på skinnet med same verktøyet som nemt ovanfor-(sneppert) var det nemt. Så sette dei på "koppen" eit stutt stykke av eit kuhorn-ope nedantil og med eit lite hol ovantil. Dei sette så munnen over øvre enden av hornet og saug utor lufta. Deretter la dei over "sugarholet" ein tunn skjå så det vart tett. Det lufttome romet inne i hornet saug då blodet ut.

Elles bruka no folk fleire slag "husråder". Ein mann her i Øksendal (Søren Eide, f. på garden Eide i Nesset) fortalde meg om ei husråd som i gamle dagar vart bruka for beinbrot på husdyr. Brotet vart sjølsagt spjelka. Men etterpå skrapa dei av fint støv av ein messingkam eller anna messing. Dette støvet blanda dei så i maten å åt den beinbrotne. Når då dyret seinare "etter opplevd alder" vart slakta, kunne dei tydeleg sjå messingen i det lakte beinbrotet.

Ein mann på Brandstad her i Ø. <sup>Ola Evensen</sup> ~~XXXXXX~~  
1784 ~~1760~~ og død <sup>1830</sup> ~~XXXXXX~~ var svært veikhel-  
sa. Det vart prøva mange slags råder for å kurera honom  
men til fånyttes. Så skulle dei prøva å henta ein mann  
her frå bygda som var kjendt for å gjera folk god att.  
Det var Tron Mosbøneset f. 1784, d. 1846.

Han sette igang fyljande lækjarråd:

Dei hadde vatn i storgryta og gjorde vatnet kokande.  
Deretter fekk han seg ein sekk -gjekk til utmarka og  
leita seg ei bra stor maurtuve. Denne maurtuva stappa  
han i sekken, altså den livande mauren med. Heimkomen  
tømde han innhaldet av sekken opp i gryta. Det vart  
no ein ~~XXXXXX~~ sterk etsande eim, og over denne eimen  
heldt dei den sjuke. Som rimeleg er heldt armingen på  
og skulle kjøvast. Han vart allvist ingen gamal mann,  
så denne "hestkuren" hjalp vel liet.